



Linn Eik Ulvøy frå Uskedalen på NRK1 i går kveld.

Med bakgrunn frå den populære 113 serien på NRK1 fekk vi sjå Linn Eik Ulvøy i Dagsrevyen i går kveld. Linn jobbar som fagutviklar i Ambulansetenesta i Fredrikstad i ein 50 % stilling. Frå 1. august er ho tilsett i 50 % stilling som høgskulelektor på Høgskulen i Østfold i faget paramedisin. I innslaget fekk vi sjå Linn i møte med Henrik Aasheim, forskings- og høgare utdanningsminister i det ho tek mot nye tilsette i tenesta.

Linn Eik er fødd og oppvaksen på Eik. Ho er dotter til Svanhild og Norvald Eik og har sidan 1997 jobba i Ambulansetenesta, frå 2014 som fagutviklar med ansvar for veiledning for alle faste tilsette i tenesta.

Linn Eik Ulvøy har ei solid og brei utdanning innan helse og beredskap. Ho har utdanning innan paramedisin, operativ- og organisasjonspsykologi, beredsskapsleiing og kriseliing. Ho er det som vert kalla psykotraumatolog. I det ligg det at ho ivartek personell som har vore ute for hendingar som treng oppfølging og bearbeiding.



Linn er fagutviklar i Ambulansetenesta og tek mot nye studentar.

Linn har dessutan nett avslutta masterstuide i samordning av hele- og velferdstenester og er som sagt tilsett på Høgskulen i Østfold i delt stilling. I Ambulansetenesta har ho saman med to kollegarar mellom anna ansvaret for tilsette og lærlingar.

Linn fortel til Uskedalen.no at ho hadde eit fint møte med fagstatsråden. Han var interessert i jobben og korleis ein løyser ulike oppdrag. Statsråden fekk sjå det nye simuleringssenteret som er klart for bruk våren 2021. På senteret vert det trening i alt som høyrer til faget paramedisin. Lista hengt høgt for å koma inn på dette studie. Av over 600 søkjarar er det 60 studieplassar.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Skjermbilete frå NRK1 - Dagsrevyen